


OSTERØY KOMMUNE



VALESTRAND BARNEHAGE

SAMAN OM EIN GOD BARNDOM

INNHALD

INNHALD	1
FORORD.....	2
KAP. 1 – VISJON OG VERDIAR	3
KAP. 2 – SATSNINGSOMRÅDAR	4
KAP. 2.1 – KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST	4
KAP. 2.2 – BEREKRAFTIG UTVIKLING OG FRILUFTSLIV	5
KAP. 3 – DOKUMENTASJON OG VUDERING	6
KAP. 4 – BARNES MEDVERKNAD.....	6
KAP. 5 – SAMARBEID BARNEHAGE – HEIM.....	7
KAP. 7 – TILVENNING AV NYE BARN.....	8
KAP. 8 – OVERGANG LITEN – STOR AVDELING	9
KAP. 9 – OVERGANG BARNEHAGE – SKULE	9
KAP. 10 – PROGRESJON I BARNEHAGEN	10

FORORD

Valestrand barnehage sin årsplan byggjer på Lov om barnehagar og ny rammeplan for barnehagar frå 2017. Desse dokumenta seier kva og korleis barnehagen som jobbe med samfunnsmandat, fagområda og viktige omgrep som leik, læring, danning og omsorg.

I årsplanen til Valestrand barnehage ynskjer me å sjå einskildbarnet. Det enkelte barn skal bli sett kvar dag og varme vaksne som er opptatt av å byggje dei gode relasjonane kvar dag.

Årsplanen skal vera eit arbeidsreiskap for personalet for kva mål me skal jobba med og korleis me skal jobba for å nå måla. Årsplanen skal òg gje foreldre eit utgangspunkt for å kunne påverka innhaldet i barnehagen, samstundes som det skal gje eigar, politikarar og kommune informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid.

For å kunne nå våre mål i årsplanen har me i år vald å jobbe tett med progresjon. Kvart born skal på ulike måtar ha mål og stekke seg etter utfrå alder og modning.

I vår årsplan er det viktig med ein progresjon. Difor har me i år vald å skrive ein progresjonplan ut frå dei 7 ulike fagområda. Fagområda seier noko om korleis personalet skal jobbe for at borna skal få eit fagleg innblikk i ulike tema. Læreplanen i skule og fagområda i Rammeplanen for barnehagen har ein samanheng og difor vil dei eldste borna kjenne igjen ulike tema/problemstillingar gjennom sitt tverrfaglearbeid i barnehagen og dei oppgåvane dei skal løyse på skulen i 1.klasse.

Det vil bli utarbeida avdelingsplanar for kvar einskild avdeling. Planane seier meir konkret om korleis kvar avdeling skal arbeide for å nå tema og måla.

May-Lis Daltveit

Styrar



KAP. 1 – VISJON OG VERDIAR

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplan kap. 1, s. 7).

Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Samfunnsmandatet og verdigrunnlaget til barnehagen skal vera grunnleggande for arbeidet vårt.

Osterøybarnehagen sin visjon:

SAMAN OM EIN GOD BARNDOM.

Osterøybarnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at kvart barn skal oppleve ein god barndom i eit inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø. Osterøybarnehagen skal bidra til at barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap, fellesskap og leik.

Personalet må sikre tryggleik og god omsorg for alle barn – kvart barn skal bli møtt med respekt og annerkjenning.

Barnehagane skal:

- Syte for at barna opplever livsmeistring og glede i barnehagen.
- Skape utvikling hjå barn i leik og aktivitet ute og inne
- Fremje god psykisk helse
- Bidra til gode vanar i høve ernæring og matglede
- Fremje berekraftig utvikling og gje allsidige naturopplevingar

KAP. 2 – SATSNINGSOMRÅDAR

Valestrand barnehage skal komande barnehageår setja ekstra fokus på to satsingsområder, kommunikasjon, språk og tekst og berekraftig utvikling og friluftsliv. Barnehagen har vald desse satsingsområda fordi dette er ein del av Osterøy kommune sine satsingsområdet for perioden 2019-2022.

KAP. 2.1 – KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Språk som ein basiskompetanse for barn si utvikling. Barnehagen skal fylgje kommunen sitt språkprogram gjennom Språkløyper. Antal barn med fleirspråkleg bakgrunn aukar. Valestrand barnehage skal sjå det fleirkulturelle mangfaldet som ein ressurs, både for enkeltbarnet og barnehagen. Eit godt samarbeid med heimen er ein føresetnad for barns utvikling og trivsel. Gjennom bruk av song, regler og rytmeinstrument får borna øvd på språket på ein lystbetont måte. Dette skapar også ein fellesskapsfølelse som igjen kan overførast til leiken som er ein viktig arena for utviklinga av språket.

MÅL:

Utvikle eit godt språkmiljø på begge avdelingar.

TILTAK:

- Språkgrupper på avdeling og på tvers
- Kartlegging
- Prøve å lese til kvart enkelt barn kvar dag – leselister
- Skapa identitetskjenne hjå det enkelte barn – kjenna att namnet sitt/plassen sin
- Skapa rom som inviterer til språkleg aktivitet
- Tid til forteljing, dialog og aktiv deltaking
- Utlån av bøker frå barnehagen tilpassa barnas alder
- Bruke språkløypene som basis for godt språkarbeid gjennom samtale og dialog.
- Link: www.sprakloyper.no
- Ha musikkgrupper der med tek i bruk songar, regler og øver på rytmar.

KAP. 2.2 – BEREKRAFTIG UTVIKLING OG FRILUFTSLIV

Valestrand barnehage skal gjennom dette satsingsområdet lære barn om gode naturopplevingar og bli kjend med naturen sitt mangfald. Barna skal få ei positiv oppleving av naturen og forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal legge grunnlag for barns evne til kritisk tenking, etisk bevisstgjerung og solidarisk handling.

MÅL:

Lære og ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

TILTAK:

- Kjeldesortering av ulikt materiell i barnehagen
- Skipa til byttedag i barnehagen – klede ol.
- Være ein aktiv brukar av bokashi kompostering
- Faste tur dagar med bruk av lavvo

KAP. 3 – DOKUMENTASJON OG VUDERING

Valestrand barnehage skal gjennom dokumentasjon og vurdering synleggjere det pedagogiske arbeidet – for å kunne gjere greie for det enkelte barn si utvikling og trivesel. Barnehagen skal jamleg arbeide med observasjon, dokumentasjon og refleksjon på møter, i samtalar med foreldre/føresette og gjennom samarbeid med hjelpeapparatet.

MÅL:

Sikre at alle barn får eit godt tilbod av høg kvalitet som er i tråd med Rammeplanen.

TILTAK:

- Utarbeide månadsplanar, månadsbrev og vekeplanar
- Lage vekesrapportar og dagen i dag på Vigilo.
- Temaarbeid basert på fagområda i Rammeplanen
- Pedagogisk dokumentasjon
- Årlege foreldresamtalar

KAP. 4 – BARNES MEDVERKNAD

Frå Rammeplanen: «Barnehagen skal sikre barns rett til medverknad ved å leggje til rete for og oppmuntre til at barn kan få uttrykk for kva dei syns om den daglege verksemda i barnehagen»).

I vår barnehage ynskjer å sikre barns medverknad gjennom innkjøring av dei yngste borna og tett dialog med foreldre/føresette. For dei eldste borna vil me sikre medverknad gjennom barnesamtalar og dialog med 5-åringane.

TILTAK:

- Barna får ha med egne bøker i barnehagen som me les i små grupper
- La barna få påverke sin eigen kvardag ut frå interesser og behov
- La barna få velje turplass innimellom

KAP. 5 – SAMARBEID BARNEHAGE – HEIM

Rammeplanen: «Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

MÅL:

Barnehagen skal ha barns beste som grunnlag, og eit nært samarbeid med heimen er viktig får å støtte barn si utvikling.

TILTAK:

- Arrangere foreldremøter 2 gangar i året
- Invitasjon til foreldresamtalar 2 gangar årleg
- Dagleg kontakt med foreldre ved levering og henting
- Invitasjon til foreldreundersøking
- Frå foreldremøtet mars 2020:

Nevn 3 ting du vil at ditt skal oppleve før skulestart



KAP. 7 – TILVENNING AV NYE BORN

Rammeplanen seier : «Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen skal personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. Foreldre og barnehagens personale har eit felles ansvar for at barns trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet må byggje på gjensidig openheit og respekt. ».

På Tutti har me særleg fokus på dette for å nå måla som er satt:

- Me har fokus på å dela oss i mindre grupper.
- Dei nye borna får ein primærkontakt som skal følgja barnet
- Me har fokus på å skapa gode relasjonar mellom barn/vaksne, og mellom barn/barn
- Me har tre korte innkjøringsdagar, slik at barna ikkje får for mykje å forholde seg til på ein gong. Med ein mjuk start er det lettare å bli trygg.
- Foreldresamarbeid og god kommunikasjon er viktig, dette er viktig for barnas beste
Dei som startar som ny i vår barnehage vil få invitasjon til foreldremøte før sommaren, der dei vil få informasjon om oss som barnehage og korleis me jobbar med tilvenning og anna.

Me har tilvenning i tre dagar, dei tre første dagane er det viktig at mor eller far er med, og at dagane ikkje blir for lange.

Dagane er satt opp slik:

Dag 1: 0900-1100

Dag 2: 0900-1230 (barnet er med på lunsj denne dagen)

Dag 3: 0900-1400 (barnet med på lunsj og soving)

Dei tre første dagane kan variera mykje frå barn til barn. Og me har mykje fokus på at foreldra er med så lenge barna har behov for det.

Dagane etter innkjøringsdagane bør vera korte i starten om mogleg. Det er ein stor overgang og gå frå den trygge heimen over til barnehagelivet, og me må ta omsyn til barnas beste i ein slik situasjon. For å få tid til alle barna, må me dela tilvenninga inn over ein lengre periode. Ikkje alle kan starta samtidig. Tilvenningsperioden har stor betydning i starten. For det første skal barnet bli kjent med barnehagen, personalet, og dei andre barna, men vi i personalet trenger og få vite mest mulig om barnet disse dagene. Det er viktig for oss at foreldrene skal føle seg trygge på å forlate barnet sitt sammen med oss. Dette er grunnlaget for at vi skal ha en god dialog. Me har forståelse for at det kan være vanskelig å forlata barnet, og har derfor rutinar på å ringa eller senda melding om det er noko.

KAP. 8 – OVERGANG LITEN – STOR AVDELING

Kvart barnehageår er det barn som skal over frå liten til stor avdeling i barnehagen. I rammeplanen står det at personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe». (Rammeplanen 2017).

MÅL:

Trygge barn og foreldre i overgangen frå liten til stor avdeling.

TILTAK:

- Felles utetid der barn og personale skal bli kjend med kvarandre.
- Rom for felles aktivtear og fellessamlingar
- Nytte høve til samarbeid på tvers slik at barna får utforske den andre avdelinga gjennom året.

KAP. 9 – OVERGANG BARNEHAGE – SKULE

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrea og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordning.

Osterøy kommune har utarbeida ein plan for overgangen barnehage - skule som skal sikra ein god overgang og ein god start på skuletida for kvart enkelt barn.

MÅL:

Sikre at kvart barn har tru på egne evner og kan møte skulen med nyskjerrighet, kunnskap og ferdigheter.

TILTAK:

- Besøke skuleområdet
- Eigen førskulegruppe fast dag i veka
- Samarbeid med skulen etter eigen plan
- Lære og klare seg sjølv i daglegdagse situasjonar (måltid, påkledning, toalett, handvask)



KAP. 10 – BARNEHAGEN

PROGRESJON I

I vår barnehage skal det utarbeidast progresjonsplan for alle barna slik at dei skal utvikle seg, lære og oppleve framgang år for år. Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variere høve til leik, aktivitetar og læring. Barna i vår barnehage skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdighetane sine.

Vi vår barnehage ynskjer me å dele vår progresjonsplan inn etter alder, 1-3 år og 3-6 år, dette fordi me har aldersindelte avdelingar.